

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 24.08.2020
SAKSHANDSAMAR: Anya Therese Markhus
SAKA GJELD: **Styrande dokument - oppdatering av vedtekter og instruks for administrerende direktør**

ARKIVSAK: 2020/5270

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
02.09.2020

STYRESAK:
051/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek til vitende endring i vedtektene § 3 om hovudkontor og § 9 om sal av fast eigedom.
2. Styret vedtek administrerende direktør sitt forslag til endring av AD instruksen punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 om påtalekompetanse.

Nytt punkt 3, tredje avsnitt skal lyde:

«Administrerende direktør representerer føretaket i saker som fell inn under AD sitt mynde, jf. helseføretakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Nytt punkt 4.10 skal lyde:

«Administrerende direktør har gjennom denne instruksen fått delegert fullmakt til å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans/hennar stad tilsvarande mynde. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Oppsummering

Det blei gjort endringar i Helse Førde sine vedtekter i føretaksmøtet 25. juni 2020. Endringane gjeld § 3 om hovudkontor og § 9 om sal av fast eiendom.

- § 3 er endra til «*Helse Førde HF har sitt hovedkontor i Sunnfjord kommune.*»
- § 9 er endra til «*Vedtak om å pantsette eller avhende fast eiendom treffes av foretaksmøtet i Helse Førde HF etter forslag fra styret i henhold til reglene i helseforetaksloven § 31, jf. § 10.*»

Styret i Helse Førde HF kan likevel beslutte avhending av fast eiendom når eiendommen er verdsatt til under 10 millioner kroner.»

Etter innspel i styremøte 19. juni 2020 gjer administrerande direktør framlegg om å endre AD-instruksen punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 som følgjer:

Nytt punkt 3 tredje avsnitt:

«Administrerande direktør representerer føretaket i saker som fell inn under AD sitt mynde, jf. helseforetakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerande direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Nytt punkt 4.10:

«Administrerande direktør har gjennom denne instruksen fått delegert fullmakt til å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans/hennar stad tilsvarande mynde. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Fakta

Styret i Helse Førde HF gjennomførte i sak 041/2020, 19. juni 2020, den årlege gjennomgangen av styrande dokument for styret i Helse Førde. I samband med handteringa bad styret om korrigering av § 3 og § 9 i vedtektene, samt punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 i AD instruksen. I tillegg ytra styret ønskje om at vedtektene skulle vere på nynorsk.

Endringane knytt til vedtektene § 3 og § 9 blei vedteke i føretaksmøtet 25. juni 2020.

Administrerande direktør legg i denne saka fram forslag til endring av punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 i AD instruksen.

I dagens instruks lyder pkt. 3 tredje avsnitt slik: «Administrerande direktør representerer føretaket utad i saker som fell inn under hans myndighet, jfr. helseforetakslova § 39. Dette inneber at dagleg leiar representerer føretaket utad i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Forslaget er å endre «dagleg leiar» i andre setning med «administrerande direktør» då det er denne tittelen som nyttast. Samtidig gjer vi ei presisering av at administrerande direktør sin mynde følgjer av helseforetaksloven § 37 i tillegg til § 39.

Forslag til nytt tredje avsnitt er:

«Administrerende direktør representerer føretaket i saker som fell inn under hans mynde, jf. helseføretakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

AD instruksjonen punkt 4.10 om påtalekompetanse m.v. lyder slik: «Administrerende direktør har gjennom denne instruksjonen fått delegert fullmakt til å krevje påtale etter straffelova § 79. Det same gjeld å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har viseadministrerende direktør tilsvarande kompetanse. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Forslaget er å fjerne første setning då tidlegare straffelov § 79, som det blir referert til, er oppheva. Ordninga med at styret må krevje offentleg påtale er ikkje vidareført. I tillegg er forslaget å endre «visadministrerende direktør» i tredje setning til «den som fungerer i hans / hennar stad», då Helse Førde ikkje lenger har viseadministrerende direktør.

Forslag til nytt punkt 4.10 er:

«Administrerende direktør har gjennom denne instruksjonen fått delegert fullmakt til å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans / hennar stad tilsvarande kompetanse. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Kommentarar

Administrerende direktør deler styret sitt syn på at vedtektene bør vere på nynorsk. Dette både fordi nynorsk er skriftmålet som vert nytta i Helse Førde sitt opptaksområde, og fordi nynorsk er administrasjonsspråket i Helse Vest. Slik administrerende direktør ser det, bør dette vere ein prosess som Helse Vest tek ansvar for og ikkje det enkelte helseføretak.

Konklusjon

Administrerende direktør rår styret i Helse Førde HF til å godkjenne dei føreslåtte endringane i AD-instruksjonen.

Vedlegg:

- Oppdaterte vedtekter for Helse Førde HF